



ÅRSMELDING 2019

ÅRSMELDING

IL JOTUN HANDBALL

for perioden

1. januar 2019 til 31. desember 2019

PÅ VEG MOT HUNDRE!



1. Velkommen
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Rekneskap 2019 for aldersbestemt handball
5. Budsjett 2020 for aldersbestemt handball
6. Rekneskap 2019 for handball senior
7. Budsjett 2020 for handball senior
8. Val



1 STYRET SI SAMANSETJING FRÅ 2018 TIL 2019

Leiar:	Gunnar Christian Huse	2018-2020
Sekretær:	Anette Svori	2018-2020
Økonomileiar senior	Reidun Myrland	2018-2019
Styremedlem sportsleg utval	Vibeke Fusche Moe	2018-2020
Styremedlem	Monica Hybertsen da Silva	2018-2019
Styremedlem	Terje Sylvarnes	2018-2020

2 GRUPPER – UTVAL – KOMITEAR

Eit trenarforum har jobba med ein sportsplan, og lagt fram eit forslag. Denne planen skal gjerast heilt ferdig og trenarane skal informerast, slik at den kan takast i bruk inn mot sesongen 2020/21.

Basaransvarlege 2019: Monica Hybertsen da Silva/ Laila da Silva Vamråk
Styret vedtok at foreldre på J12 og G12 skal vere ansvarlege for gjennomføringa av basaren framover.
Andre som hjelper til på basaren er: oppmenn/ foreldrekontaktar, frivillige og handballstyret.

Ansvar minihandball: Anette Svori og Line Hillestad.

Ansvar for kiosk/lager: Marita Lindborg.

3 MØTE, ARRANGEMENT OG ANDRE AKTIVITETAR

Styremøte:

Det har vore ni styremøte i løpet av årsmøteperioden, der det har vore handsama 19 saker. Det har vore omlag eitt styremøte kvar måned, utanom sommarmånadane.

Utover dette samarbeider styremedlemene gjennom e-post.

Andre møte:

Det har vore halde informasjonsmøte med spelarar, trenarar og støtteapparat. Det har og vore gjennomført fleire møte med seniorspelarar, og i samband med basaren.

Leiar i gruppa har delteke på hovudstyremøta, og Harald Wahlquist har delteke på møta i anleggsutvalet i Jotun.

Inntektsgevande arrangement:

Basar:

Den årlege basaren vart gjennomført 02.12.19. Det vart nok ein gong ny omsetningsrekord, som gav nok ein gong gode inntekter til handballen. Organiseringa fungerte bra og komiteen synes dei hadde god kontroll på arrangementet. Folk er utruleg flinke til å møta opp og støtta oss og me har fått gode tilbakemeldingar frå folk i alle aldrar. Takk til alle som bidrog med mange flotte gevinstar og til dei som som hjalp oss på dugnad.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

Aktivitetar:**Turnering:**

I år deltok J10, J11, G11 og J12 på Voss-cup. Alle som deltok på cupen opplevde dette som eit kjekt arrangement.

Minihandball:

1.-4. klasse har hatt tilbod om å delta på turneringar i sone 3. Nytt av året er at 4.klasse(J/G9) er teke vekk frå minihandballturneringar, og plassert i eigne turneringar på det nye baneformatet, kortbane. Når det gjeld deltaking på dei ulike turneringane har dette vore svært varierende, med tanke på kor mange ungar som har vore påmelde. 1. og 2. klasse har ikkje delteke på nokon turneringar. Reidun og Anette hadde eit møte med representantar frå All-idretten og føresette som er ansvarlege for balleiken i 2.klasse, med tanke på å få med denne aldersgruppa på nokre turneringar etter jul. Dette lukkast dei ikkje med.

Elles har 3.klasse (J/G 8) delteke på tre turneringar, ei i Aurland, ei på Leikanger og ei i Årdalshallen. Dei måtte trekkje seg frå turneringa i Balestrand pga. sjukdom. Det har vore svært varierende kor mange ungar som melder seg på i denne aldersgruppa. 4.klasse (J/G9) har delteke på fire turneringar, ei i Årdalshallen, ei på Leikanger, ei i Gaupne og ei i Tangenshallen. Dei måtte trekkje seg frå turneringa i Balestrand pga. sjukdom. Det har stort sett vore jamt med påmelde ungar i denne aldersgruppa. Før jul melde me på eit jente- og eit gutelag. Sidan det berre er ein gut som er interessert i handball, blei dette justert til to jentelag etter jul.

4 SAKER OG SPONSORAR

Sponsorar:

Følgjande verksemder er IL Jotun sine hovudsponsorar:

- Sparebanken Sogn og Fjordane (felles med hovudlaget)
- Årdal Energi KF (felles med hovudlaget)
- Årdalsnett (felles med hovudlaget)

IL Jotun Handball har vorte støtta med gaver til basar og kamplotteri frå fleire bedrifter. Me ønskjer å takke alle bedrifter og næringsdrivande som har støtta oss.

Draktsponsor: Hydro Aluminium Årdal

Plakatsponsorar i Årdalshallen:

- Lerum Kleiven Sogn
- Sogn Avis Elektromontasje AS
- HMR Sogn Sparebank
- BDO Toyota Sogn
- Mekonomen Monter Andersen
- Caverion Sogn Skadeservice
- Olav O. Hæreid Sparebank 1
- Indre Sogn Bil Sportshuset Årdal
- Klíngenberghotell

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



5 MEDLEMSTAL

Ved utgangen av 2019 har vi 119 barnmedlemmar, og 64 vaksne medlemmar. Samla utgjer dette 183 medlemmar.

IL Jotun Handball merkar at det stadig vert færre ungar som spelar handball. Det er viktig at det vert jobba med rekruttering framover, og godt samarbeid med dei andre gruppene i idrettslaget er naudsynt. Jotun har tilbod til Jenter 10-14 år og Gutar 10-12 år.

Talet på seniorspelarar som har vore med er 18 stk. i frå alderen 15 år og oppover. Jotun har også hatt eit J18-lag.

6 TRENARAR/STØTTEAPPARAT/ORGANISASJON

Trenarar og støtteapparat for laga:

Lag	Trenar	Oppmann	Foreldre-kontakt
G10	Hanne Øyre		
G11	Nina Jevnaker	Synnøve Hagen Strand	
G12	Tonje Stølen Moen, Monica Offerdal	Jorunn Smedegård	Ann Kristin Moen
J10	Marita Hestetun	Ellen Veum	
J11	Linda Øy	Linda Nordheim	
J12	Vibeke F. Moe	Ann Siri Øvregard	
J13	Jannicke Øyre og Vibeke Fusche Moe	Helene Lindborg	Anne Lise Øy
J14	Heidi Svori	Bente Sissel Myrland	
J18	Therese Læg Reid / Hilde Midtun	Ellen Veum	
Senior	Rune Hunderi/ Alfred Holsæter	Ellen Veum	

Føljande lister er reviderte av styret i løpet av sesongen:

- Informasjonsbrosjyre for IL Jotun aldersbestemt handball
- årshjul
- arrangørdagbok vår og haust
- oversikt over alle trenarar og støtteapparat med e-post-adresser og telefonnummer
- lister med kontaktinformasjon til føresette for kvart lag
- arrangementsliste for heimekampar
- oppmannsperm

7 UTDANNING

Me har i år hatt opplæring på kva oppgåver som skal gjerast når ein sit i sekretariatet under kampar. Det blei halde dommarkurs i september 2019. Me fekk åtte nye dommarar frå IL Jotun.

Postadresse IL Jotun Postboks 65 6882 Øvre Årdal	Besøksadresse Jotunhuset, Øvre Årdal E-Post post@iljotun.no	Telefon Telefaks	Bank 3730.25.00208 Foretaksregisteret 975 702 308
--	--	---------------------------------------	--



8 REPRESENTASJON

Reidun Myrland har vore på sonemøte og regionsting i regi av Region Vest.

Gunnar Chr. Huse har vore på sonemøte for leiarar og var representant for Region Vest på handballtinget i 2019.

Styret har vore representert på kampoppsettmøte for Sogn og Fjordane og sonesamling for styre, arrangert av Region Vest.

9 SPORTSLEGE RESULTAT

IL Jotun Handball kan syna til gode sportslege resultat i 2019 for både store og små.

Seniorlaget rykka ned frå 3 til 4 divisjon i serien for Region-vest.

10 ØKONOMI

Aldersbestemt:

IL Jotun aldersbestemt handball har ein sunn og god økonomi. Likviditeten er svært god. Inntekstene dette året kjem frå refusjon av treningsavgifter og LAN/MVA kompensasjon. I tillegg har aldersbestemt i lag med senior hatt gode inntekter på det største arrangementet – den årlege handballbasaren. Ungane har betalt eigenandel ved bortekampar og foreldre/føresette har bidrege med gode inntekter på kiosksal under heimekampar.

Alle kostnader igjennom året har vorte nøye vurdert, og ein har rimelege løysingar for reise. På bortekampar har foreldre køyrt på dugnad, og på lengre turar har Jotun-bussen vorte nytta, så sant dette har vore mogleg.

Senior:

Sidan me ikkje har lønna trenar, så ser me at økonomien vil bli vesentleg betre.

Det har vore jobba med å få inn nye sponsorar. Treningsavgift er vidareført. Kostnadane er haldne på eit lågt nivå, men senior har faste utgifter som skal dekkast. På bortekampar blir Jotun-bussen nytta.

11 ANLEGG

Hovudarenaen for trening og kampar er Årdalshallen. Tangenhallen har vore nytta til treningsarena og kamparena på nokre heimekampar.

Det er viktig med god planlegging når det gjeld tildeling av halltimar, slik at hallen vert godt utnytta og at alle, så langt det let seg gjere, får oppfylt sine ynskje for treningstider.

Det er nok ein gong viktig å understreka at handballgruppa må ha prioritet når det gjeld bruk av Årdalshallen i handballsesonen. Det er også viktig at sommaridrettane ikkje legg sine treningstider slik at ungdommane må velja kva dei skal delta på i vekedagane om vinteren.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



12 OPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM

Styret har brukt mykje av tida, også i 2019, til å forsøke å få organisasjonen til å fungere. Det er viktig å få kontinuitet i styrearbeidet, og halda fram arbeidet med å utvikla handballgruppa som organisasjon. Å få dokumentert og utvikla system for korleis vi driv og skal driva handballgruppa framover, vil bli ei av viktigaste utfordringane for styret i 2020.

Det må jobbast godt med rekruttering for å behalda og auka medlemstal i IL Jotun handball. Styret si oppgåve vil i denne samanhengen vere å lage så gode rammevilkår for trenarar og spelarar at klubben kan underbygga målsetjingane sine om å vere eit godt sportsleg alternativ for ungdommane i Årdal. Det er ei utfordring å få fleire til å delta aktivt i organiseringa rundt dei forskjellige laga i gruppa.

Det vert viktig for styret å legge til rette for trenarutdanning i tida framover.

Sportsplanen til handballgruppa vil, når den er godkjent, bli eit viktig dokument som kan vere med å legge føringer for vidare arbeid med den sportslege utviklinga.

I tillegg må det jobbast vidare med følgjande også i året som kjem:

- Inntektsbringande tiltak
- Organisering av handballgruppa
- Haldningar (hjá trenarar, foreldre og spelarar)
- Dommarutdanning
- Trenarutdanning

Etter å ha fått på plass ei god løysing for seniorlaget etter mange år med arbeid, kan styret framover fokusere på å vere styre, og utvikle heile handballgruppa.

Det må og jobbast med ein strategiplan for handballen dei komande åra, både med tanke på det sportslege og administrative, slik at ein får ein fast struktur og langsiktig plan i arbeidet. Dette er eit arbeid som styret så smått har starta på, men som må få meir fokus i året som kjem, for å engasjere heile handballgruppa i Jotun.

13 SPELARUTVIKLING

I 2019 har vi hatt fleire utøvarar med på ulike talentsamlingar, regionale utviklingssamlingar (RUM) og sonesamlingar (SUM), i tillegg spissa gruppe i Bergen. Me har og ein spelar som deltek på RLM (Regional landslagsmiljø).

For å ha god rekruttering til damelaget, må det på plass betre samarbeid mellom seniorlaget og lag frå 14 år og oppover.

Denne sesongen har fleire spelarar i 14 års alder delteke fast på treningane med seniorlaget ein gong i veka. Det er viktig at spelarane får prøve seg på seniornivå, og førebu seg på nivået ein møter når ein skal over på seniorlaget.

14 SAMARBEID

IL Jotun Handball ynskjer å takke sponsorar, gode støttespelarar, trufaste hjelperar og andre som har stilt opp i året som har gått. Skal me lukkast med vidare satsing på topp og breidde innan handballsporten i Årdal, er me heilt avhengige av dykk.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

VEDLEGG 1

Lag og sportsleige resultat

G10

Trenar: Hanne Øyre

G10 har vore samarbeidslag med Årdalstangen. Dei har trena med G11 i Tangenhallen kvar onsdag kl 18.00 – 19.30. Då har det vore 5 gutar frå Jotun og 4 gutar frå Årdalstangen. G10 har spelt 16 kampar, der me har vore i Vik, Sogndal, Tangenhallen og på Leikanger. Me har att 8 kampar som skal spelast i Vik og i Årdalshallen. Gutane tykkjer det har vore kjekt, og dei har synt framgang. Det som har vore utfordrande er viss det har vore sjukdom eller viss ikkje alle har vore med, sidan me ikkje har så mange spelarar. I kampoppsettet spelar me alltid to kampar etter kvarandre, dette fordi me står oppført både som Jotun og Årdalstangen. Det blir ofte kampar mot dei same laga, spesielt Sogndal.

På treningane har me som sagt over, fått trena med G11. Dette har vore veldig positivt, sidan me er så få. Anne Kauppi og Vibeke Rinde har også vore med som trenarar på desse treningane. Treningane har inneholdt ulike øvingar på teknikk med ball, me har øvd mykje på plassering, ulike balleikar, forsvar og angrep.

J10

Trenarar: Janne Kristin Bjørkum og Marita Hestetun.

Oppkvinner: Ellen Veum og Veronika Nilsen.

Denne gjengen starta opp med treningar hausten 2019. I dette kullet er det 17 jenter og 14 av dei er med på handball. Me har trening kvar tysdag kl. 16.00-17.30 og der møter ein ivrig og treningsvillig gjeng. Me har sett god utvikling hjå jentene frå trening til trening. På trening og me har ei god blanding av leik, styrke, kondisjon, teknikktraining og ulike balløvingar

Det er meldt på eit lag og med so mange spelarar kunne det gjerne ha vore to lag. Samtidig er kjekt å kunne reise som eit samla lag og dette gjer noko med sampelet. Dei har spelt kampar i Sogndal, Gaupne, Førde og heime. Her har me vunne nokre og tapt nokre kampar. Alle vil vere med og dei syner godt lagspel. Alle spelarane får spele på alle plassar, samstundes som det blir ganske lik speletid på borna.



G11 og J11

Trenarar: Nina Jevnaker, Linda Norheim, Linda Øy, Monica Høl Øvstetun og Stine Kauppi Straumsheim.
Oppkvinner: Synnøve Hagen og Silje Berge.

Denne gjengen har sidan oppstarten for to år sidan trent i lag gutar og jenter. Det har me tykt har vore veldig kjekt, både for oss trenarar, som blir eit stort team, og for ungene som får vere mange på trening. Me trenar kvar torsdag frå 16.30-18.00. Aktivitetsnivået er høgt på treningane og me jobbar hardt med å ha strukturerte og varierte treningar som er tilpassa den store treningsgruppa. Me har vanlegvis mellom 25 og 30 på trening.

Gutane er 13 spelarar og dei har i år fått utvida kamperfaringa si i stor grad fordi me har fått seriekampar mot lag frå både Sunnfjord og Nordfjord. Det har vore kjekt, men også utfordrande. Jentene har framleis storparten av kampane sine mot andre lag frå Sogn, og var uheldige då einaste kamphelg i Sunnfjord vart avlyst på grunn av dårleg vêr. Dei er 18 jenter i gruppa og det er ekstra kjekt at 4 av jentene kjem frå Tangen (ÅTIL) for å trene og spele kamp med oss. Eit slikt samarbeid blir me nok avhengige av før eller sidan uansett, så det er flott å skape gode relasjonar tidleg.

Alle laga viser god utvikling og me er spesielt godt nøgde med den gode innsatsen og positive innstillinga dei viser. Så arbeider me vidare både med tekniske og fysiske ferdigheiter på trening, og dei merkar nok i år at det er meir spesifikk handballtrening og litt mindre leikpreg, sjølv om leik med ball framleis er eit element i treningane. Meir spesifikk trening resulterer mellom anna i at fleire no etter kvart meistrar ulike typar skot og finter, og at me får til meir samspel i kampar. Det er kjekt.

I kamp held me framleis på systemet me har hatt frå byrjinga av der alle spelar på alle speleplassar, og alle spelar meir eller mindre like mykje. Dette er me godt nøgde med. Me trivst godt som trenarar for denne gjengen og har det kjekt saman med ungene både på trening og i kamp.



J12

Trenarar: Vibeke Fusche Moe og Adelheid Nes.

På J12 er me åtte jenter frå Jotun og tre jenter frå ÅTIL. Me trenar måndag 16.30-18.00 og onsdag frå 19.00-20.00. Me legg opp treningane ut frå spelarutviklingstrappa gjennom handballforbundet. På denne måten får me jobba meir systematisk med ulike tema. Kvar onsdag deler me hall med G12, og då er høgdepunktet ei speleøkt mot dei. Dette tykkjer både jentene og gutane er kjekt, sjølv om det av og til kan bli litt for «alvorleg».

I april 2019 var me på Voss cup. Ei flott helg, både sosialt og handballmessig.

Trenarane trivst godt i lag med denne gjengen. Dei er i god utvikling, og me håpar å ha dei med i mange år framover. I skrivande stund ligg me godt an i serien.



**G12**

Trenar: Monica Offerdal Røneid og Tonje Stølen Moen.

Oppkvinne: Jorunn Smedegård

Foreldrekontakt: Ann Kristin Moen

G12 er ein livlig gjeng. Me starta opp med 8 spelarar. I løpet av sesongen har det komme 4 nye spelarar til. Det er svært gledelig, og gjer at me kan ha betre kvalitet på treningane.

Tysdagar har me hallen åleine. Onsdagar trenar me saman med J12, og da får me ein del speletrening. Det er veldig kjekt. Dei er veldig ivrige på å spele. Såpass ivrige at det kan vere tungt å motivere dei til basistrening, kondisjonstrening, teknisk trening og skadeførebyggande trening. Der har me ein jobb å gjere. Sidan begge trenarar jobbar turnus, har me av og til hatt inne gjestetrenarar/vikar frå damelaget. Det har vore veldig kjekt for gutane.

Sportsleg har me hatt ein litt tung sesong. Me har møtt større motstand, og dessverre har me framleis ingen seier. Det er fleire lag som har trekt seg frå serien, og det har dessverre resultert i færre kampar for oss. Fleire av laga me har møtt har hatt spelarar frå 2006 på dispensasjon. Me har fokus på å ha tilnærma lik speletid for alle.

Det er ei noko ujamn spelargruppe både med tanke på fysikk og ferdighetar, noko som gir oss litt utfordringar med å legge opp treningar som passar alle like godt. Dei er framleis ei gruppe som trenger klare og konkrete beskjedar.

Me håpar å avslutte sesongen med ei kjekk turnering. Det har vore ein veldig god måte å avslutte sesongen på tidlegare. Det har synt at me har eit godt samhald og god stemning i laget.

Me håpar å oppretthalde eit godt og inkluderande treningsmiljø, slik at alle vil fortsette neste sesong.

J13

Trenarar: Jannicke Øyre Nundal og Vibeke Fusche Moe.

På J13 me tolv spelarar. Me trenar kvar måndag frå 19.30- 21.00 og onsdagar frå 16.30-18.00. Me har eit tett samarbeid med J14 og trenar saman med dei. Trenarane deler på ansvaret saman med Heidi Svori og jobbar godt utifrå ein halvtårsplan me har laga. Me er veldig fornøgde med å trena med andre årsklassar, då får me mykje speletrening og me lærer av kvarandre. Ein får møte ulik alder og kjenne på ulike utfordringar. Jentene har synt stor progresjon og har hatt ei kjempeflott utvikling, det er moro å sjå at dei utviklar god speleforståing. Jentene har blitt skikkeleg gode i forsvar, og krigar bra. Me har byrja å jobba med overgangar

og enkle trekk for å få litt meir å spela på i angrep. Alle jobbar med å tore å ta sats sjølve, og få fart i laget i angrep. Jentene prøver seg i ulike posisjonar, men fleire og fleire har så smått begynt å finne sin plass. Det er viktig at alle får spela like mykje. Sesongen starta med at me spelte jamne kampar, men resultatata bikka ikkje vår veg. Dei to siste kampane har det snudd, og me har vunne begge to.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

**J14**

Trenar: Heidi Svori.

Oppkvinne: Bente Sissel Myrland.

Me har frå slutten av august hatt to treningar i veka saman med J13. På laget vårt er det 7-8 spelarar som er fødte i 2005, og så me har tre spelarar som er fødte i 2004 med på dispensasjon. Dette gjer at me er nok folk til å spele kampar. Når ikkje alle kan vere med/er på tur/er skada, får me låne spelarar frå 2006 på kamp.

På treningane er me nesten alltid tre trenarar; Heidi, Janniche Øyre og Vibeke F. Moe. Me byter på å planlegge treningane, og me følgjer utviklingstrappa til handballforbundet. Då er me sikre på at me får jobba med grunnleggjande dugleikar på treningane. Me er mellom 16-20 spelarar på kvar trening, så oppmøtet er godt. Alle jentene som er fødte i 2005 har og tilbod om å trene med damelaget kvar torsdag. Jentene er ein positiv gjeng med ei fin innstilling til idretten sin!

Til no denne sesongen har me vunne sju kampar, og tapt to.

Bente Sissel Myrland er oppmann, og har full kontroll på alt det praktiske for laget.

J16

Det var ikkje nok spelarar i kullet 2003/2004 til å melde på J16-lag for sesongen 2019/2020

J18

For å kunne gje eit kamptilbod til dei som er fødd i 2004 vart det meldt på eit J18-lag. J18 består av 12 spelarar, der tre av desse er fødd 2004, ein er fødd 2003, seks er fødd i 2002 og to er fødd i 2001. J18 har trena i lag med 4. divisjon, damer.

Me speler mot Gloppen og Florø 2, og fram til no har me vunne ein kamp og tapt fem. Therese Læg Reid og Hilde Midtun har følgte jentene på kamp.

4.divisjon, damer

Trenar: Rune Hunderi og Alfred Holsæter.

Oppkvinne: Ellen Veum

Førre sesong enda med nedrykk frå 3. til 4. divisjon.

Det tok litt tid før ny trenar var på plass. Rune Hunderi tok på seg ansvaret for seniorlaget, og Alfred Holsæter er hjelpetrenar.

Oppkvinne for laget er Ellen Veum. Mette Larsen og Therese Læg Reid har hatt ansvar for å organisere sekretariat og kiosk til heimekamp.

Førre sesong var prega av lite oppmøte på treningar og kampar, og målsettinga for denne sesongen har vore å etablere ei god stabil treningsgruppe. Me har i dag 16 spelarar på spelarlista. På treningane er det godt oppmøte på 15-20 jenter kvar gong. Me har og fått med oss tre jenter frå J18 og tre jenter frå J14.

1. halvår var det trening måndag kl. 18-19.30 og torsdag 19-20.30. Fram til januar 2020 er det spelt 11 kampar, der me har vunne ein og spelt ein uavgjort. Trass mange tap ser me god utvikling hjå spelarane. Frå starten der me tapte kampar med stor målforskjell, speler me no meir jamne kampar. I 2. halvår er det lagt inn ei ekstra trening kvar veke, slik at det no er tre treningar kvar veke. Med denne endringa håper me å kunne utvikle laget enno meir.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	E-Post	Telefaks	Foretaksregisteret
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308